

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Deres ref:  
Saksbehandler: eja  
Vår ref: 06/02429  
Arkivkode:  
Dato: 29.09.06

## **NOU 2006:7. Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken. Høyring**

Vi viser til brev datert 28. april d.å. Vi har følgjande kommentarar og merknader til utgreiinga:

### **Generelt**

Formålet med kommisjonen sitt arbeid er å sjå på utfordringar og kome med forslag til korleis lokaldemokratiet kan utviklast vidare. Bakgrunnen er den manglande oppslutninga om kommunevala dei siste åra. Kommisjonen har sett på ulike forhold som påverkar deltakinga og kjem med ei rekke forslag til tiltak, men strekar under at det må vere opp til kommunane å sette i verk tiltaka.

Sosial- og helsedirektoratet har gjennom sitt ansvar for å bidra til gode levekår for alle, bidra til sosial inkludering og medverke til gode helse- og sosiale tenester, valt å fokusere på fire temaområde. Det gjeld korleis ein best kan sikre

- at lokalval reflekterer befolkninga si meining
- god medverknad frå alle brukarane i politisk arbeid
- eit godt deltakardemokrati
- ei god kommunalpolitisk organisering av verksemder

I tillegg har vi gitt ein kommentar til dei økonomiske og administrative konsekvensane av kommisjonen sine forslag.

### **A. Korleis sikre at lokalval i størst mogleg grad reflekterer befolkninga si meining?**

Vi ser ein hovudutfordring: Korleis få fleir til å stemme og samstundes betre representativiteten?

### **Generelt**

Kommisjonen viser at det er sosial ulikskap i valdeltaking (men brukar ikkje sjølv dette uttrykket). Viktige målgrupper om ein skal betre valdeltakinga og samstundes betre representativiteten, er difor personar med mellom anna låg inntekt og lite utdanning. I

**Sosial- og helsedirektoratet • Divisjon folkehelse og levekår**  
Avdeling sosial inkludering

tillegg viser utgreiinga at det er låg valdeltaking hjå innvandrara og dei unge. Det er truleg sosial ulikskap i valdeltakinga òg innan desse gruppene. Sett frå direktoratet si side er difor eit hovudspørsmål kva det offentlege kan gjere for å auke valdeltakinga i desse gruppene. Lykkast ein her, vil ein både redusere den sosiale ulikskapen i valdeltakinga og betre representativiteten.

Kommisjonen drøfter ulike forslag som kan auke valdeltakinga, men diskuterer ikkje konsekvensar av desse for representativiteten. I det vidare arbeid med prioritering mellom tiltak bør representativiteten vies merksemd.

### ***Elektronisk stemmegjeving (punkt 2.5.5)***

Innføring av elektronisk saksbehandling kan gjere det lettare for det offentlige å motivere og hjelpe grupper med lita valdeltaking til å stemme. Det kan være aktuelt å be ulike interesseorganisasjonar (pasient- og brukarorganisasjonar) om råd om korleis ulike grupper best kan nås dersom det innførast elektronisk stemmegjeving.

Etter § 9–5 i vallova kan veljarar som har behov for det, sjølv be stemmestyret om å få naudsynt hjelp ved stemmegjevinga. Veljarar med alvorlege psykiske eller fysiske funksjonshemningar kan peike ut ein ekstra hjelper etter eige ønske. Initiativet ligg her hos den som skal røyste. Nokre grupper kan trengje at andre tek eit initiativ. Det offentlege kan truleg gjere mykje for å nå personer som tradisjonelt har hatt lita valdeltaking og stimulere dei til å stemme. Dette kan t.d. det offentlege gjere ved å hjelpe dei på dei arenaer dei oppheld seg. I eit eventuelt forsøk/ved seinare elektroniske val bør val av arenaer for stemmegjeving vies særskilt merksemd.

Det vil kunne bli langt enklare for personer i institusjon (sjukeheim, fengsel, somatiske og psykiatriske sjukehus, institusjonar for rusmiddelmissbrukarar, blinde m.fl.) å røyste dersom dette kan gjerast elektronisk på staden. Det vil antakeleg forventast at det vil være mogleg å stemme på slike institusjonar dersom det først blir mogleg å stemme elektronisk. Slike institusjonar bør inkluderast i et eventuelt forsøk. Det må sikres at dei som skal røyste, får naudsynt hjelp til dette.

Dersom stemmegjeving ikkje kan skje frå brukaren si eigen heim, kan kommunane leggje til rette for at personane får transport til godkjende valstader. Dei som bur i bustadar med heildøgns omsorgstenester vil få hjelp av ulike personer. Dei fleste av desse vil være offentleg tilsette i kommunen. Det vil vere mogleg for kommunen å oppmuntre til, evt. instruere, eigne tilsette om å hjelpe den einskilde med å stemme.

Personar med lite utdanning er overrepresentert blant arbeidslause og difor blant mottakarar av ulike trygdeytningar, arbeidsmarknadstiltak og/eller økonomisk sosialhjelp. Av den grunn har desse oftare kontakt med det som etter kvart blir lokale NAV-kontor. Det bør leggjast til rette for at stemmegjeving kan skje elektronisk her, og at dei som ikkje greier dette, får hjelp.

Dei som treng praktisk hjelp til å bruke PC eller til å lese eller forstå det som står der eller skrive sjølv, kan komme til å trenge såpass mye hjelp at stemmegjevinga vanskeleg kan bli hemmeleg for den som hjelper til. Her ligg òg ei viss fare for at enkelte kan bli utsett for eit utilbørlig press. Slik vi ser det, bør omsynet til at fleire blir i stand til å stemme gå føre omsynet til risiko for utilbørlig påverknad. I eit eventuelt

forsøk vil ein evt. kunne spørje dei som har stemt om dei er blitt utsett for utilbørlig påverknad.

### **Universell utforming**

Det bør vere krav om at alle stader der val skjer, er universelt tilgjengelege. Det gjeld òg stader der politisk arbeid skjer. Det statlege kompetansesenteret for deltaking og tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne (Deltasenteret) har hatt ansvar for prosjektet "Funksjonshemmedes muligheter til å delta i valg og utøve sine rettigheter som folkevalgt". Sosial- og helsedirektoratet har gitt ut dei rettleiingane og sluttrapporten senteret laga som lekk i dette prosjektet. Dei tre publikasjonane er lagt ved. Det gjeld:

- ei rettleiing om kva som kan gjerast for å sikre at stemmelokala er tilgjengelege for menneske med nedsett fysisk funksjonsevne. Rettleiinga gjeld òg informasjon om korleis informasjonsmateriell bør utformast. Sjå "Tilgjengelighet til valg. Veileder til kommunene". Veileder IS-1331, datert januar 2006. Rettleiinga finst òg elektronisk, sjå [www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00008/Tilgjengelighet\\_til\\_v\\_8095a.pdf](http://www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00008/Tilgjengelighet_til_v_8095a.pdf).

- ei rettleiing for å auke kunnskapen om naudsynte tiltak for å sikre politisk medverknad og deltaking for alle: "Deltakelse og politisk arbeid. Forutsetninger og like muligheter for alle". Veileder IS 1371, datert juli 2006. Sjå [www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00011/IS-1371\\_11199a.pdf](http://www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00011/IS-1371_11199a.pdf). Ho omfattar mellom anna råd om planlegging og gjennomføring av ulike typar møter og inneheld sjekklistar for kartlegging og vurdering av det fysiske tilgjenge til og i møtelokalar. Ved utforming og formidling av informasjon må ein ta omsyn til at mottakarane har ulike føresetnader for å tilegne seg informasjon. Rettleiinga handsamar òg informasjonsformidling.

- ein sluttrapport der formålet er å formidle kunnskap om korleis den politiske arena meir generelt kan bli tilgjengelig for personer med nedsatt funksjonsevne, sjå "Funksjonshemmedes muligheter til å delta i valg og utøve sine rettigheter som folkevalgt", IS-1383, utgitt juni 2006. Sjå [www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00011/Rapport\\_Valgprosjek\\_11303a.doc](http://www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00011/Rapport_Valgprosjek_11303a.doc).

### **B. God medverknad frå alle brukarane i politisk arbeid**

I kap 3 omtalas utfordringa med at mange samfunnsgrupper er svakare representerte i dei lokale folkevalte organa enn det deira del av befolkninga skulle tilseie. Gruppene som nemnast er kvinner, eldre, funksjonshemma og etniske minoritetar. Grupper som med fordel òg kunne vore nemnt er personar med sosiale kjenneteikn som t.d. låg utdanning, dårlig helse, svak eller inga tilknytning til arbeidslivet og ofte dårleg økonomi. Bland funksjonshemma og minoritetar vil ein òg finne ein overrepresentasjon av fleire av desse kjenneteikna. Mange av dei nemnde gruppene vil nytte dei kommunale tenestene i større grad enn andre. Dei utgjer eit potensiale for auka deltaking.

Sosial representativitet og meningsrepresentativitet framstillast som ulike former for demokratisk representasjon (s. 65). Ein slår vidare fast at det å få representert alle meiningar og interesser og alle typar sosiale kjenneteikn er umogleg innafor eit representativt system. Vi saknar ein problematisering av at enkelte grupper og individ har vanskeleg for å delta, og korleis demokratiet då skal ivareta deira interesser.

Kommisjonen nemner i kap. 4 ulike måtar å sikre seg brukarmedverknad på som brukarundersøkingar, brukarpanel, brukarmøte, brukarråd og fritt brukarval. Barna sin talsmannsordning i planutval er nemnd som ei anna ordning for å sikre interessene til ei viss gruppe (s.119). Direktoratet støttar kommisjonen si anbefaling om at kommunen nyttar ulike former for brukarmedverknad (s.129).

Kommisjonen nemner at brukarundersøkingar er den mest brukte forma for brukarmedverknad. Vi vil peike på at det å utforme og tolke spørjeundersøkingar er fagleg og metodisk utfordrande. Slike undersøkingar vil òg kunne skape forventningar som kan vere vanskelege å innfri. Det bør både vere fagleg og politisk vilje og evne til å gjere noko med resultatane frå undersøkingane.

Kommisjonen drøftar forholdet mellom aktiv brukarmedverknad og forholdet til det representative demokratiet og politikarane si ombudsrolle nærare. På den eine sida drøftast kor viktig det er med aktiv medverknad, mens det på den andre sida vert streka under at ulike former for brukarmedverknad kan kome på tvers av det tradisjonelle representative demokratiet (s. 130). Innan helse- og sosialektoren ser vi ikkje dette som eit problem. Utfordringa her er å sikre at det vert teken tilstrekkeleg omsyn til ulike (svake) brukargrupper sine interesser som er svakt representert.

### ***Brukermedverknad innan helse- og sosiale tenester***

Brukermedverknad på systemnivå er viktig innan helse- og sosiale tenester sidan dei som treng slike tenester ofte er dårleg representert politisk. Brukarane/pasientane av lovpålagde tenester vil mellom anna kunne vere opptekne av dimensjonering av tenestene, den konkrete utforminga, valfridom når det gjeld tenesteproducent, opplegg for pasientopplæring, val av organisering, lokalisering, tilgjenge til tenestene og korleis melding av avvik skjer og korleis avvik handsamas. I tillegg vil brukarane kunne ha ønske om å påverke kva for ikkje-lovpålagde tenester kommunen skal ha, og den nærmare utforming og dimensjonering og lokalisering av desse. I tillegg kjem utforminga av det fysiske miljø.

Det er vanskeleg for den einkilde brukar å påverke helse- og sosiale tenester på systemnivå. Brukermedverknad må difor skje i organiserte former. Det skjer til vanleg ved at kommunane samhandlar med brukarane sine organisasjonar. Det er viktig at kommunane har høg bevisstheit om kva for organisasjonar dei bør samhandle med. Store organisasjonar har lettare enn andre for å bli invitert til å delta på arenaene for utøving av demokrati enn dei små, som til dømes organisasjonar for rusmiddelmissbrukarar og for mottakarar av økonomisk sosialhjelp.

### ***Særskild om brukarråd***

Fleirtalet i kommisjonen meiner det må vere opp til kommunane å avgjere om det skal vere eldreråd eller representasjonsordning for funksjonshemma, og foreslår at desse ikkje lenger blir lovfesta. Fleirtalet argumenterar med at slike råd kan gje eit uheldig signal om at desse gruppene ikkje bør nominerast eller delta på lik linje med andre i det representative systemet. Vidare meiner fleirtalet at kommunane til einkvar tid bør vere frie til å opprette råd for grupper som dei meiner er underrepresenterte.

Direktoratet viser til at kommunane til einkvar tid kan etablere dei råda dei ynskjer, men at lova vil setje grenser for kva ansvar og oppgåver dei kan tilleggjast.

Ein del grupper har særlege behov som ein ikkje kan vente at folk flest kjenner til. Råd kan difor generelt vere viktige for at lokaldemokratiet på ein god måte skal greie å ta naudsynt omsyn til grupper med særlege behov.

Personar kan ha funksjonshemmingar som er sjeldne, og ha særlege behov. Det er langt fram før samfunnet meir generelt og offentlege tenester er så godt tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne som dei kan vere. Det kan ikkje reknast med at ulike behov for tilrettelegging er allment kjend. Dei som vert bedne om å sitte i eit råd for personer med nedsett funksjonsevne, har ein kompetanse og ein erfaringsbakgrunn som er viktig for vedtaksgrunnlaget. Dei vil til vanleg òg ha eit nettverk gjennom medlemskap i ein interesseorganisasjon der dei ved behov kan trekke på ytterlegare kompetanse. Representantane kan òg vere pårørande til personar med særlege behov som ikkje sjølv greier å vere politisk aktive eller aktive i eit råd.

Gjennom råda kan representantar for personar med nedsett funksjonsevne ta opp saker som er viktige for dei. Like viktig er det at dei som arbeider med ei sak for kommunen kan trekke vekslar på brukarane si erfaring og kompetanse i sitt arbeid på ein legitim og systematisk måte. Både måtar råda såleis kan bidra på er viktige for at ulike saker skal bli godt nok opplyste før politisk vedtak fattast. Vi meiner difor det er gode grunner for at råd for menneske med nedsett funksjonsevne bør vere lovpålagde. Slike råd er viktige for å sikre gruppene forsvarlege tenester og universell utforming i samfunnet meir generelt.

Det kan diskuterast om eldre generelt har særlege behov som ikkje er alminneleg kjende (utover dei som er knytt til nedsett funksjonsevne). Så lenge eldre er dårleg representert blant valde politikarar, kan det argumenterast for at det er behov for eit lovpålagd råd også for desse for å sikre at deira interesser vert ivaretekne. Eit anna argument for dette er at ein ikkje utan vidare kan vente at råd for menneske med nedsett funksjon vil ha særleg fokus på dei særlege utfordringane som ofte følgjer med det å verte gamal (sosial isolasjon, fysiske problem, aldersdemens).

Vi vil peike på at rammevilkåra for råda si verksemd er viktige for at dei skal fungere godt. Det er aktuelt å evaluere råda si verksemd og kva for føresetnader som er naudsynte for at dei skal fungere godt.

Vi kan elles vanskeleg sjå at råd for eldre og funksjonshemma er eit signal om at desse gruppene ikkje bør nominerast eller delta på lik linje med andre i det representative systemet. Representasjon i råd må sjåast som eit supplement til politisk representasjon, ikkje som ein del av det eller eit alternativ.

#### **Økonomisk godtgjering (s.84)**

Dei som tek på seg politiske verv får dekt sine direkte utgifter ved dette og får økonomisk godtgjering. Den økonomiske godtgjeringa vil ikkje alltid dekke tapt arbeidsforteneste.

Kommisjonen viser til at for nokre kan godtgjeringa føre til tap av andre inntekter gjennom reglar for avkorting, slik at dei ikkje får ein reell kompensasjon for sitt politiske arbeid. Kommisjonen meiner "at det er viktig at ordningane om honorar for folkevalte

*verv ikkje ekskluderar til dømes trygdemottakarar, studentar og førtidspensjonistar frå å kunne takke ja til folkevalte verv”.*

Slik vi ser det, ekskluderar ikkje regelverket om avkorting av ulike ytingar nokon frå å ha politiske verv, men ein del vil mangle det økonomiske incitament til å ta del i politisk arbeid som andre har. Sjølvstendige næringsdrivande vil kunne ha eit reint tap.

For uførepensjonistar og mottakarar av sosiale tenester er det eit spørsmål om kva for insentiv som trengst for at deira politiske deltaking skal auke. Økonomiske insentiv må vurderast i lys av andre verkemiddel. Spørsmålet om avkorting av ulike ytingar/auka eigenbetaling bør utgreiast nærmare, mellom anna av di dette må vurderast i ein større samanheng. I hovudsak ser vi dette som eit politisk spørsmål. Det same gjeld om (antatt) tapt arbeidsforteneste bør dekkjast i større grad/fullt ut.

### **C. Godt deltakardemokrati**

#### ***Bruk av IKT og Internett***

Kommisjonen meiner det er viktig at innbyggjarane har lik og brei tilgang til IKT. Det største demokratiproblemet er at ein stor del av innbyggjarane ennå ikkje har Internett-tilgang (s. 113). Kommisjonen meiner kommunale nettsider er ein viktig reiskap for kommunane med omsyn til det å levere gode tenester og til å kome i dialog med brukarane. Kommunale nettsider er ein sentral kanal for innsyn og informasjon i lokalpolitikken. Kommisjonen ser det som vesentleg at Internett i større grad enn i dag vert brukt til å synleggjere det politiske ved kommunane og til tovegskommunikasjon med brukarane (s. 128). Vi er samd i dette.

Vi ser ei utvikling mot at stadige fleire tenester blir tilgjengelege via Internett, ev. berre via denne kanalen. Det gjeld òg offentlege tenester. Det er sosiale skilnader i kven som har tilgang til mellom anna Internett. Eldre og dei med lite utdanning manglar oftare enn andre tilgang til PC og Internett heime. Direktoratet meiner det er mange grunner til at det offentleg må vie desse gruppene særskild merksemd. Det bør leggjast til rette for at alle kan ha tilgang til PC i lokalsamfunnet og få hjelp til å søke opp informasjon, nytte elektroniske tenester samt nettstader for dialog og medverknad.

Så lengje det såkalla "Internett-demokrati" har ein sosial slagside, kan ikkje IKT erstatte annan informasjonsformidling, ordinære møteplassar eller andre former for deltaking, men må supplere desse.

#### ***Frivillige organisasjonar***

Det er viktig i ein demokratidebatt å skilje mellom ulike typar av organisasjonar. Det gjeld det vi kan kalle områdeorganisasjonar, frivillige organisasjonar som driv visse typar verksemd (som idrettslag), humanitære organisasjonar og interesseorganisasjonar. Det vil variere i kva grad dei sistnemnde har lokale lag eller verksemd i kommunane, og som uvalet peiker på, i kva grad lokale organisasjonar har ei nasjonal overbyggnad.

Deltakardemokratiet handlar om ein meir aktiv, mobiliserande og direkte form for demokrati, gjerne representert gjennom såkalla områdeorganisasjonar. Slike organisasjonar har gjerne eit nærmiljø eller lokalsamfunn som sitt interesseområde.

Det kan være velforeiningar, grendelag eller andre typar områdeorganiseringar. Innan helse- og sosialsektoren står gjerne interesseorganisasjonane sterkt.

Direktoratet meiner det er viktig å stimulere verksemda til frivillige lag og organisasjonar gjennom ein aktiv og bevisst politikk. Det gjeld både interesseorganisasjonar og områdeorganisasjonar. I ein demokratidebatt er særleg områdeorganisasjonane si rolle og funksjon viktige. Erfaringar frå nærmiljø- og lokalsamfunnsutviklingsprogram, mellom anna i regi av Miljøverndepartementet, viser at det lokalt finst eit stort mobiliseringspotensial dersom organisasjonane vert tekne "på alvor" og stimulert. Slikt lokalt engasjement er dessutan ofte ein arena for rekruttering til politisk arbeid. Det kan vere å bidra til å skape felles arenaer mellom det offentlege og det sivile samfunnet, bidra med økonomisk støtte, sekretærhjelp osv. Ein meir aktiv haldning frå kommunane si side kunne gjerne ha kome klårare fram i kommisjonen sitt arbeid på dette feltet.

Den frivillige sektoren definerast ofte som ein sektor mellom marknaden og det offentlege. Kommisjonen peiker på at det i realiteten ikkje finst klare grenser til marknaden og til det offentlige. Sektoren tek på seg ei rad oppgåver på vegne av det offentlege, samstundes som den opererer som konkurrent med andre privatbaserte løysingar. I tillegg spenner sektoren over et vidt felt, der sosiale og humanitære organisasjonar berre utgjer ein mindre del.

Direktoratet meiner det er eit potensiale når det gjeld å utvikle samarbeidet mellom offentlege helse- og sosiale tenester og frivillige organisasjonar innan kultur, sport og fritid. Lokale frivillige organisasjonar har ei nytte i seg sjølv. Kommisjonen drøfter at det gir opplæring i demokrati å kunne delta i det organisatoriske arbeidet. Vi meiner at helse- og sosiale tenester har ei viktig oppgåve i det å utvikle samarbeidet med brukarorganisasjonar og bidra til å utvikle samarbeidsmåtar med desse organisasjonane. Det vil for brukarane kunne bidra til auka deltaking både i utviklinga av eigne tenester og i samfunnet elles (jf. kap 4).

Kommisjonen drøfter ulike måtar å knytte frivillige organisasjonar nærare til kommunane på, t.d. å gje desse meir påverknad på politiske vedtak gjennom mellom anna eige organ for innbyggjardeltaking. Grunngevinga er at det er større aktivitet i desse organisasjonane enn i dei vanlege politiske partia. Vi meiner at dette kan ha mykje for seg.

Kommisjonen konkluderar med å anbefale at ein større del av det statlege tilskot til frivillige organisasjonar skal kanalisert via kommunane. Kommisjonen viser til at bruk av statlige øyremerkte midlar i dag ikkje når frivillige organisasjonar utan ein nasjonal paraplyorganisasjon.

Direktoratet vil peike på at frivillige organisasjonar vil ha ulike roller som

- interesseorganisasjon (premissleverandør)
- utfører av offentlige tenester (til eigne medlemmar og/eller andre)
- produsent av private tenester (til eigne medlemmar og/eller andre)
- formidlarar av informasjon

Direktoratet gjev støtte til ei rad ulike nasjonale organisasjonar. Nokre av dei har fylkesledd, nokre òg lokale lag. Det kan variere kva for roller direktoratet støtter opp under, økonomisk eller på anna måte. Vi meiner omfanget av den statlege stønaden må vurderast ut frå den rolle staten ønskjer dei skal ha.

Det er eit politisk spørsmål kor mykje staten skal bidra med til reine lokale organisasjonar via kommunane.

#### **D. Kommunalpolitisk organisering**

I kap. 5.2 drøftes tre modellar: formannskapsmodellen, parlamentarisme og komitémodellen.

Kommisjonen peiker på at dei folkevalte si innverknad på administrasjonen er sterkare i forhold til parlamentarisme og svakare i forhold til de to andre modellane. Ei utfordring for mange brukargrupper er at det ofte er lite direkte kontakt mellom folkevalte og særleg brukargrupper som står svakt i samfunnet. Brukarane sine kontaktar med forvaltninga blir ofte med tenestene og administrasjonen som mellomledd. Om denne kontakten vert styrkt dersom folkevalte får sterkare innflytelse over administrasjonen, er ikkje drøfta. Kommisjonen foreslår at det bør leggjast mindre vekt på organisering, meir på kontakt med innbyggjarane.

#### ***Kommunale selskap (kap 5.3)***

New Public Management (NPM), eller ny offentlig styring, har vore mykje omtala dei siste 10 – 20 åra. NPM-løysingar handlar om bruk av bedriftsøkonomiske leiing- og organisasjonsprinsipp. Stikkorda er privatisering, konkurranseutsetting, fritt val, organisering i større einingar og delegering av ansvar. Tanken er at politikarane skal bli betre til å ta hand om overordna mål i staden for å detaljstyre.

Kommisjonen viser til at siste maktutgreiing mellom anna konkluderte med at det representative politiske systemet vert utfordra av nye former for deltaking som tapper det representative systemet for ansvar og makt. Det vart peika på at det er eit paradoks at kommunane på den eine sida opplever innsnevring av det kommunale handlingsrommet gjennom mellom anna statleg styring, og på den andre sida gjev frå seg handlingsrom til andre som ikkje er underlagt direkte demokratisk kontroll. Kommisjonen viser også til Nordisk Ministerråds demokratirapport, som peiker på at konkurranseutsetting og fristilling ikkje egner seg på alle felt av den kommunale verksemda, og at avstanden mellom selskap og kommunen og mellom selskap og innbyggjarar vil kunne auke.

Kommisjonen spør om det ikkje vil få konsekvensar for det lokalpolitiske engasjementet dersom stadig fleire viktige vedtak blir fatta utanfor de folkevalte organa? Eit fleirtal i kommisjonen konkluderar med at kommunane må ha fridom til å avgjere om de ønskjer å organisere verksemda i selskap eller ikkje. Direktoratet saknar ei nærare grunngjeving her utover omsynet til kommunal fridom. Eit mindretal meiner dette er problematisk. I tillegg til motførestillingane nemnd ovanfor, meiner det at det også vil kunne auke fragmentering, lede til utydeliggjering av ansvar og unødig byråkrati. Dette handlar om kino, kulturhus, kommunale eigedomsselskap. Stort sett gjeld dette om område som ligg utanfor forholdet mellom teneste og brukar. Direktoratet har erfaringar frå boligsosialt arbeid der kommunale eigedomsselskap har



som formål å drive forretningsmessig. Deira måte å drive på kan kome i konflikt med kommunen sitt arbeid med å hindre utkastning av svake grupper. Samhandlinga på systemnivå (mellom kommunen/sosialtenesta og selskapet) blir ofte for dårleg.

Det knytar seg utfordringar til veksten i fristilte selskap som ikkje omtalast i kommisjonen sitt arbeid. Direktoratet meiner det er behov for ytterligare utgreiing og innhenting av kunnskap om politisk styring av fristilte selskap (styreleiar sitt ansvar, forsikringsordningar, pensjonsforhold for dei tilsette m.m.). Særlig gjeld det fristilte interkommunale selskap. Det er òg grunn til å sjå på om slike selskap vil bidra til auka administrative kostnader.

Organisering gjennom ein bestillar/utførarmodell for å skilje mellom vedtak om tenester og sjølvteutøvinga, gjerne for å konkurransesette og ev. privatisere tenestene, er heller ikkje omtala. Det er klart at kommunen aldri kan seie ifrå seg ansvaret for dei lovpålagde tenestene. Det handlar difor om å sette bort sjølvteutøvinga til verksemdar eller sjølvstendig næringsdrivande tenesteutøvarar. I så fall er det viktig med transparens (openheit og gjennomsiktighet) og gode kontraktar, der det mellom anna er stilt konkrete krav for at tenestene skal vere forsvarlege, eventuelle krav til prioriteringar og eventuelle krav til brukarmedverknad.

#### **E. Økonomiske og administrative konsekvensar (kap 6)**


Kommisjonen kjem med forslag til ei rad tiltak for å auke kontakten mellom folkevalde og innbyggjarane som fører med seg kostnader. Det seiast lite om det er staten eller kommunen som skal ta kostnadene. Kommisjonen meiner det må være opp til kommunen å sette i verk tiltaka. Den grunnjev tiltak for nærare kontakt med at kommunane gjennom bred deltaking frå innbyggjarane vil gjere seg kjende med innbyggjarane sine krav, interesser og behov. Auka ressursbruk til demokratiltak vil også bidra til effektivitet ved at kommunane skaffar seg informasjon som trengs for velferdsproduksjon. Blant tiltak vert ulike arenaer for deltaking nemnde, tilgjengelighet til vallokale, bruk av IKT, styrke brukarane sin moglegheit for medverknad. Det er viktig at slike kostnader vert synleggjort saman med kva ein kan oppnå.

Med vennleg helsing



Erik Andrew

fung. divisjonsdirektør



Olaf Tvede

fung. avdelingsdirektør

Vedlegg (3)